

Føresegner og retningslinjer

Kommuneplanen sin arealdel 2020-2032

Vedteken i k.sak 002/2022 den 03.03.2022.



Gåsvær - © Jonathan Hill

Innhald

0.	ORDFORKLARINGAR	4
	0.1 Forkortingar	6
1	GENERELLE FØRESEGNAR (PBL § 11-9)	7
	§ 1.1 Verknader av planen	7
	§ 1.2 Tilhøve til eksisterande planar og kommunedelplan (PBL § 11-6, jf. § 1-5, 2. ledd)	7
	§ 1.3 Plankrav (PBL § 11-9, nr. 1)	7
	§ 1.4 Unntak frå plankrav (PBL § 11-9, nr. 1)	7
	§ 1.5 Vassforsyning, tilkomst, parkering og avlaup (PBL § 11-9, nr. 3)	8
	§ 1.6 Rekkefølgekrav (PBL § 11-9, nr. 4)	8
	§ 1.7 Forhold som må avklarast i vidare planarbeid (PBL § 11-9, nr. 8)	8
	§ 1.8 Fysiske krav til tiltak (PBL § 11-9, nr. 5 og 6)	9
	§ 1.8.1 <i>Universell utforming</i>	9
	§ 1.8.2 <i>Uteopphaldsareal</i>	9
	§ 1.8.3 <i>Byggjegranser langs sjø og vassdrag (PBL §§ 1-8 og 11-9, nr. 5)</i>	9
	§ 1.8.4 <i>Byggjegrænse mot offentleg veg</i>	9
	§ 1.8.5 <i>Byggjehøgder over havet</i>	10
	§ 1.9 Miljøkvalitet og samfunnstryggleik (PBL § 11-9)	10
	§ 1.9.1 <i>Kvikkleire</i>	10
	§ 1.9.2 <i>Sørpeskred</i>	10
	§ 1.9.3 <i>Støy</i>	10
	§ 1.9.4 <i>Landskapstilpassing</i>	10
	§ 1.9.6 <i>Myrområde og innmark</i>	11
	§ 1.9.10 <i>Estetikk</i>	11
	§ 1.10 Navigasjonsinnstallasjonar og teknisk infrastruktur	11
	§ 1.11 Kulturomsyn	11
2	BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 11-7, nr. 1)	13
	§ 2.1 Bustader (PBL § 11-10, nr. 2)	13
	§ 2.2 Fritidsbusetnad	15
	§ 2.3 Offentleg eller privat tenesteyting	18
	§ 2.4 Forretning	18
	§ 2.5 Fritids- og turistføremål	19
	§ 2.6 Råstoffutvinning	21
	§ 2.7 Næringsbebyggelse	21
	§ 2.8 Andre typar bygningar og anlegg	25
	§ 2.8.1 <i>Naust og sjøhus</i>	26
	§ 2.8.2 <i>Småbåtanlegg</i>	27
3	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	32
	§ 3.1 Lufthamn	32
	§ 3.2 Hamn	32
	§ 3.3 Molo	33
4	Grønstruktur	34

§ 4.1	Friområde	34
5	LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE (PBL § 11-7, nr. 5)	36
§ 5.1	LNF- område	36
§ 5.2	Spreidd utbygging	36
§ 5.2.1	Kombinert spreidd bustad- og fritidsbebyggelse	36
§ 5.2.2	Spreidd bustader	37
§ 5.2.3	Spreidd fritidsbebyggelse	40
§ 5.2.4	Spreidd næring	41
6	BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 11-7 nr. 6)	42
§ 6.1	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone - ferdsel, fiske, drikkevatn, natur- og friluftslivsføremål	42
§ 6.2	Ferdsel	42
§ 6.3	Farlei	42
§ 6.4	Småbåthamn	42
§ 6.5	Fiske	43
§ 6.6	Akvakultur	44
§ 6.7	Kombinerte føremål i sjø og vassdrag	47
§ 6.7.1	Kombinerte føremål i sjø og vassdrag (NFFF)	47
7	OMSYNSSONER (PBL § 11-8)	48
§ 7.1	Sikrings- støy og faresoner (pbl § 11-8, bokstav a)	48
§ 7.1.1	Sikringssone (H110) nedslagsfelt drikkevatn	48
§ 7.1.2	Sikringssoner for fortøying av akvakulturanlegg (H190)	48
§ 7.1.3	Gul støysone langs fylkesveg (H200)	48
§ 7.1.4	Faresone ras- og skred (H310)	48
§ 7.1.5	Flaumfare (H320)	48
§ 7.1.6	Forventa havnivåstigning (H320)	48
§ 7.1.7	Høgspenningsanlegg (H370)	48
§ 7.2	Sone med særleg omsyn til friluftsliv og bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse (pbl § 11-8, bokstav c)	49
§ 7.2.1	Omsyn friluftsliv (H530)	49
§ 7.2.2	Bevaring naturmiljø (H560)	49
§ 7.2.3	Bevaring kulturmiljø (H570)	49
§ 7.3	Bandleggingssone (pbl § 11-8, bokstav d)	49
§ 7.3.1	Bandlegging etter naturmangfaldlova (H720)	49
§ 7.3.2	Bandlegging etter kulturminnelova (H730)	49
§ 7.3.3	Bandlegging etter andre lover (H740)	50
	<i>Bandlegging i påvente av vern Omsynssona H740_2 omfattar delar av eigedom 30/3 på Stoka som er lista opp som kandidat område for supplerande vern.</i>	50
8	Ledd i kommunskasjonssystemet	52
8.1	Område er ikkje rettsleg bindande	52
9	Reguleringsplanar	53

0. ORDFORKLARINGAR

Arealføremål er juridisk bindande namn på det eit planområde skal brukast til. Plan- og bygningslova har fastsett eit utval formålsnamn det kan veljast mellom. Desse er inndelt i grupper, og kan kombinerast etter bestemte regler.

Bandleggingssoner viser anten område som skal regulerast etter plan- og bygningslova, er bandlagt etter kulturminnelova, naturmangfaldslova og andre lover. Område som er bandlagde kan vere t.d. område som skal regulerast, automatisk freda kulturminne eller område som er freda etter naturmangfaldslova.

BRA er bruksareal er arealet innanfor omslutta veggjar. Bruksareal omfattar nettoareal og areal av innvendige veggjar og sjakter. Det skal målast langs gulvplanet utan omsyn til gulvlister, innreiningseiningar, installasjonar og liknande. Om ikkje anna er avgjort, skal måleverdig areal heilt eller delvis under terreng reknast med i bruksarealet.

Bueining er ei brukseining som er eller skulle vore definert med eige bustadnummer i matrikkelen. Ei bueining har minst eitt rom, eige WC og separat inngang, anten direkte frå det fri eller via inngang/korridor. Definisjonen gjeld også for fritidsbustader.

BYA er det same som bygd areal, og er det arealet som bygningen opptar av terrenget. I bygd areal reknast overbygd areal, utkraga bygningsdelar samt konstruksjonar og bygningsdelar som stikk meir enn 1 m ut forbi veggjiv også med. BYA som definert i rettleiaren "grad av utnytting" frå Kommunal og moderniserings departementet. (H-2300) vert lagt til grunn.

Dyrka jord er fulldyrka jord, overflatedyrka jord og gjødsla beite (jf. rundskriv M-412003 frå LMD). Ved vurdering av om eit areal er dyrka eller dyrkbart, bør ein legge definisjonane som vert brukt i samband med økonomisk kartverk til grunn:

Fulldyrka jord: Areal som er dyrka til vanleg pløyedjupn, og som kan nyttast til årsvekstar eller til eng som kan fornyast ved pløying.

Overflatedyrka jord: Areal som er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.

Innmarksbeite: Areal som årleg vert gjødsla og brukt som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt.

Dyrkbar jord: Jord som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt jord. For at areal skal kunna klassifiserast som dyrkbar jord må det kunna gje rimeleg og sikker grasavling.

Fortetting er bygging i allereie utbygde område. Dette kan enten vere ved nybygging på bebygde tomter eller ved utbygging av mindre ubebygde areal innanfor byggeområde som er teke i bruk.

Gesimshøgde er ein bygning si høgde målt fra terreng til skjæringslinja mellom fasade og tak.

Leikeareal er areal som er sett av til leik og skal opparbeidast til leik for dei minste borna, til dømes med fallunderlag og leikeapparat.

MUA er minste uteopphaldsareal. Arealet skal vere godt eigna til opphald og rekreasjon. MUA kan omfatte kombinasjon av private område tilknytt den einskilte bustadeining (hage, balkong og terrasse) og fellesareal for fleire bustadeiningar. MUA kjem i tillegg til leike- og friområde. Det vert vist til rettleiaren "grad av utnytting" frå Kommunal og moderniserings departementet (H-2300).

Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiaren «Garden som ressurs, bygge og anleggstiltak i og i tilknytning til landbruk - forholdet til plan etter plan- og bygningsloven» (KMD)

Naust er eit uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Naust skal ikkje vere innreia eller brukt til varig opphald som bustad eller fritidsbustad.

Omsynssone er eit område avmerka i ein offentlig arealplan der det skal takast bestemte omsyn ved bruk og utnytting av arealet. Ei omsynssone kan t.d. innebere at det skal takast særlege omsyn til å ta vare på vegetasjon innanfor sona. Omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel er regulert i plan- og bygningslova § 11-8. Omsynsssoner er rettsleg bindande. Det inneber at dei set rammer for grunneigaren sitt høve til å sette i gang nye tiltak på eiendommen. Omssynsona må også leggjast til grunn når bygningsmyndigheitene skal ta stilling til søknader om tiltak.

Planføresegner/ Føresegner er utfyllande bestemmelsar til plankartet for ein plan som er juridisk bindande, og som kan innehalde krav til bevaring, reparasjon, tilbygg, ombygging og nybygging.

Plankrav er krav frå kommuneplanen sin arealdel, om at areala som vert definert som byggeområde ikkje kan byggast før det er vedteke eigen reguleringsplan for området.

Planområde/ planavgrensing er det arealet som planen omfattar. Det skal merkast tydeleg av på plankartet.

Reguleringsplan er ein plan som er utarbeida i samsvar med Plan- og bygningslovas kapittel 12. Den er samansett av eit detaljert plankart over eit bestemt geografisk område med tilhøyrande skriftlege reguleringsføresegner. Det er ein omfattende saksgang etter bestemte prosedyrar som liknar den for kommuneplan. Det er ein juridisk bindande plan som vert vedteken av kommunestyret. Den gjeld inntil den vert oppheva med same prosedyre som når den vert vedteken. Eldre reguleringsplanar må reviderast i samsvar med gjeldande lovverk.

Retningslinjer er ikke juridisk bindande tilrådingar om kva som bør gjerast, i motsetnad til føresegner, som er juridisk bindande.

SEFRAK/SEFRAK-objekt er ein bygning, ruin, konstruksjon eller anlegg bygd i perioden 1537-1900, som er registrert etter spesielle prosedyrer.

Sjøhus/ sjøbu er bygningar i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, småbåtar og anna. Bygningen skal framstå som sjøhus – både utvendig og innvendig – og ikkje vere utstyrt med staffasje som ikkje tradisjonelt høyrer til eit sjøhus, slik som store vindauga, balkongar, arker, karnapp, rekkverk osv. Sjøhus/sjøbu skal ikkje vere innreia eller brukt til varig opphald som bustad eller fritidsbustad.

Universell utforming vil seie at produkt, byggverk og uteområde skal utformast slik at alle menneske skal kunne nytte dei på ein likestilt måte så langt råd er utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

Utbyggingsrekkefølge i kommuneplanen sin arealdel vil kunne vere effektivt verktøy for å stimulere til utvikling i bestemte områder. Det betyr at kommunen bestemmer i kva rekkefølge dei ulike utbyggingsområda i plankartet kan byggast ut. Det kan for eksempel vere ønske om å utnytte eit fortettingspotensial i eit område før eit anna. Dette er eit verkemiddel planmynde kan bruke for å prioritere eller styrke utviklinga i bestemte område foran andre. Omsyn som kan ligge til grunn for ein utbyggingsrekkefølge kan vere kapasitet på infrastruktur.

Vassdrag er vatn, elvar og bekkar som har årsikker vassføring. Årsikker vassføring vil sei at vassdraget ved middeltemperatur over frysepunktet ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år i gjennomsnitt.

0.1 Forkortingar

PBL	Plan og bygningsloven
VA-norm	Vatn og avlaups-norm
ROS	Risiko og sikkerheit
TEK17	Byggteknisk forskrift
T-1442	Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging
BU	Bustader
H	Fritidsbustad
F	Forretning
N	Næring (sjå dei forskjellige føremåla)
I	Industri
AB	Anna byggjeområde
H-	Hamneområde
FH	Fiskerihamn
FO-	Friområde
LNF	Landbruks, Natur-og Friluftsområde
VAO-rammeplan	Rammeplan for Vannforsynings-, avløps- og overvannsanlegg –
Rammeplan	Rammeplan er ein oversiktsplan som fastsett visse hovudtrekk, men samtidig føreset utarbeiding av supplerande detaljar på eit seinare tidspunkt
LNFB	LNF Spreidd bustad
LNFBH	LNF Spreidd fritidsbebyggelse
LNFBN	Spreidd næring
SH	Småbåthamn, småbåtanlegg
A	Akvakultur
NFFF	Natur, friluftsliv, fiske og ferdsel
H110	Sikringssone nedslagsfelt drikkevatt
H190	Sikringssoner for fortøying av akvakulturanlegg
H200	Gul støysone langs fylkesveg
H220	Støyutsett og støyfølsam gul sone
H320	Flaumfare
H370	Høgspenningsanlegg
H530	Omsyn friluftsliv
H560	Bevaring naturmiljø
H570	Bevaring kulturmiljø
H720	Bandlegging etter naturmangfaldslova
H730	Bandlegging etter kulturminnelova
H740	Bandlegging etter andre lover

1 GENERELLE FØRESEGNER (PBL § 11-9)

Dei generelle føresegnene gjeld generelt for alle tiltak i heile kommunen, medan §§ 2-6 gjeld for dei spesifikke arealføremåla (for eksempel bebyggelse og anlegg) med underføremål (for eksempel bustad). § 1 går føre §§ 2-6, dersom ikkje anna er spesielt oppgjeve.

§ 1.1 Verknader av planen

- a. Kommuneplanen er utarbeidd med heimel i plan og bygningslova, jf. Plan- og bygningslova (pbl) § 11-5.
- b. Kommuneplanen skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, jf. pbl § 11-6.
- c. Føresegnene inneheld både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål, og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremålet.
- d. Retningslinene til kommuneplanen er sett i eigne boksar, og legg føringar for handsaming av plan- og byggesaker for administrasjonen og folkevalde. Retningslinene har ikkje juridisk verknad, og kan ikkje brukast som sjølvstendig *heimel* for vedtak. Saman med planomtale med konsekvensutgreiing og ROS-analyse representerer retningslinene kommunen sine ønskjer for utviklinga i planperioden.

§ 1.2 Tilhøve til eksisterande planar og kommunedelplan (PBL § 11-6, jf. § 1-5, 2. ledd)

- a. Ved motstrid mellom reguleringsplanar og kommuneplan gjeld nyaste plan.
- b. Reguleringsplanar som er vidareført er lista opp i kapittel 9.
- c. Bygginge- og anleggstilltak som er heimla i plan fremd med bakgrunn i privat reguleringsframlegg etter plan og bygningslovens § 12-11 som ikkje er sett i gang seinast ti år etter at planen er vedtatt, skal reviderast i tråd med gjeldande regelverk, jamfør plan- og bygningslova §12-4.

§ 1.3 Plankrav (PBL § 11-9, nr. 1)

Areal som er sett av til bygg og anlegg (pbl § 11- 7 nr 1), samt småbåthamn og framtidig samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7 nr 2), skal inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl § 20-1 er tillate.

Plankrav under dei enkelte formåla, gjeld føre § 1.3.

- | |
|--|
| 1. Sjå tabellar under dei enkelte føremål. |
|--|

§ 1.4 Unntak frå plankrav (PBL § 11-9, nr. 1)

- a. Tiltak etter § 20-1 bokstav b og c, e-j er unntatt frå plankravet.
- b. Ved fortetting i område for bygg og anlegg, som i vesentleg grad er utbygd utan reguleringsplan, kan det gjevast fritak frå kravet om reguleringsplan etter § 1.3 a når følgjande vilkår er innfridd, jf. pbl § 11-10, nr. 1:
 1. Nye tiltak kan knyte seg på eksisterande infrastruktur som ligg ved arealformålsgrensa
 2. Nye tiltak er tilpassa eksisterande busetnad når det gjeld høgde, volum og grad av utnytting.
 3. Fortetting inneber etablering av ny(e) eining(ar) / bueining(ar) i utbygde område. Unntak frå plankravet gjeld ikkje ved fortetting med meir enn 2 naust, 4 bustadeiningar, 3 fritidsbustader (einingar) eller 4 båtplassar, jf pbl § 11-10 nr. 1, og det kan ikkje fortettast med meir enn dette. Grunneigar må ha utarbeida tomteplan for byggeformålet før byggesaka vert handsama.

§ 1.5 Vassforsyning, tilkomst, parkering og avlaup (PBL § 11-9, nr. 3)

- a. Alle nybygg skal ha godkjende løysingar for tilkomst, parkering, vassforsyning og kloakk. Krav om parkering gjeld ikkje naust, sjøhus og småbåtanlegg på veglause øyar.
- b. Eksisterande infrastruktur bør imøtekome dagens krav ved ytterlegare utbygging. Byggeformål med fleire bustadeiningar/ bygg skal etablere felles vegløyning for påkopling til kommunal og fylkesveg der det er mogleg.
- c. For å ivareta nødvendige behov for naudetatar og andre offentlege tenester gjerast [Forskrift for slamtømming for Solund kommune](#), Vestland, gjeldande, og gjeld uavhengig av plassering av slamavskillar.
- d. Solund kommune sin VA-norm skal leggjast til grunn ved all utbygging.
- e. Det kan krevjast tilknytningsplikt til offentlig vatn og avlaup for fritidsbustader som på same vilkår som bustader, der det er utbygd, jf pbl § 18.3 nr. 6

§ 1.6 Rekkefølgekrav (PBL § 11-9, nr. 4)

- a. Innanfor område sett av til bygningar og anlegg med underformål, samt i LNF- område med underføremål, kan utbygging ikkje finne stad før vatn, avlaup og energiforsyning, samt infrastruktur er etablert med ein tilfredstillande løysning fram til byggetomt. Det skal leggjast fram situasjonsplan for heile byggeområdet, samt tomt, ved byggesøknad, jamfør SAK10 §5-4. Situasjonsplan for tomte må også innehalde framtidige byggetrinn.
- b. Tilkoplingar til offentlig vegnett skal vere i samsvar med krav i vegnormalane før det vert gjeve byggjeløyve i dei einskilde utbyggingsareala. Eventuelle fråvik frå vegnormalane skal vere godkjend av vegeigar før løysinga vert etablert. Det er naudsynt med tilfredstillande trafikk sikring, før oppføring av nye tiltak.

§ 1.7 Forhold som må avklarast i vidare planarbeid (PBL § 11-9, nr. 8)

- a. Ved regulering av område til framtidige utbyggingsføremål skal spørsmål knytt til trafikk, friluftsliv, dvs. sikre og/eller opparbeide tilkomstvegar/kryss til hovudvegar, turløyper, turstiar, nærleikeområde, kulturminne, landskap og naturmangfald vert ivaretekne gjennom det vidare detaljplanarbeidet.
- b. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal tilhøyrande ROS-analyse ta utgangspunkt i kommunen sin ROS-analyse og gjere greie for:
 1. ei tilstrekkeleg handtering av overvatn mht. kommunen si VA-norm, slik at bygg og anlegg ikkje tek skade ved til dømes ekstremnedbør
 2. ei særskild vurdering av vindtilhøva slik at bygningar og anlegg ikkje tek unødig skade av sterk vind
 3. ei særskild vurdering av risikoen for flaum og stormflod, der naudsynte førebyggjande tiltak for å få risikoen ned på eit akseptabelt nivå skal planleggjast og sikrast gjennom rekkefølgekrav
 4. nærare undersøkingar av planen sine konsekvensar for støy, avrenning, fare, landskap og påverknad på eksisterande deponi
- c. Det skal i reguleringsplan fastsetjast utbyggingsrekkefølge.
- d. Det skal utarbeidast ein plan for val av fornybar energiløysing og lågt energiforbruk
- e. Det skal vurderast etablering av veglys.
- f. I reguleringsplan må det takast omsyn til at det skal leggjast til rette for veg og areal til parkering for arealformål til fritidsbustad, bustad og naust/sjøhus. Parkeringa skal vere ved offentlig veg, eller privat veg som er knytt til offentlig veg med bru eller ferjetilknyting. Unntak gjeld for veglause øyar for naust, sjøhus og småbåtanlegg, jamfør § 1.5 a.

§ 1.8 Fysiske krav til tiltak (PBL § 11-9, nr. 5 og 6)

§ 1.8.1 Universell utforming

- a. I samband med planlegging og gjennomføring av tiltak skal det leggjast til rette for universell utforming. Dette gjeld særskilt bustader, offentlege bygg og uterom, haldeplass for kollektivtrafikk og publikumsretta verksemd. Det skal leggjast til rette for eigne parkeringsareal for røyrsllehemma ved bygg som skal ha ålmenn tilgjenge.
- b. Kommunale bueiningar, som vert regulert i planperioden, skal utformast i tråd med krav til tilgjengeleg bueiningar

§ 1.8.2 Uteopphaldsareal

- a. Rikspolitiske retningslinjer for Barn og planlegging skal gjerast gjeldande for all planlegging og søknad om tiltak. Det skal sikrast eit oppvekstmiljø der fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar samsvarer med tilgjengelig kunnskap om barn og unges behov. Det skal takast særskilt omsyn til trafikksikre snarveggar, turstiar, turveggar, gang- og sykkelforbindelsar og gode og varierte aktivitetsområde.
- b. Ved utarbeiding av reguleringsplan skal det for kvar bueining settast av minimum 25 m² til leikeplass pr bueining.
- c. Leikeplass skal vere eigna for opphald og ha god tilkomst frå husværa, samt vere skjerma frå støy og forureining og ha gode sol- og lystilhøve. Uteopphaldsarealet skal ikkje vere brattare enn 1:3.
- d. Alle bueiningar i byggjefelt skal innan gangavstand på 150 meter ha ein nærleikeplass med størrelse på minimum 200 m².

§ 1.8.3 Byggjegranser langs sjø og vassdrag (PBL §§ 1-8 og 11-9, nr. 5)

- a. Der byggjegrænse ikkje er vist i vedtekne reguleringsplanar er det arealdelen som gjeld.
- b. I 100- metersbeltet langs sjø og vassdrag i LNF-område er det tillate med bygningar, landbruksgjerde, leskur, landbruksveg, opplag for landbruk, opplag for fiske og ferdsle til sjøs eller andre tiltak som er nødvendige for aktiv drift av landbruksverksemda. Unntaket gjeld der plasseringa er nødvendig av driftsomsyn og tiltaka ikkje kan plasserast utanfor 100 meters beltet jf. pbl. § 11-11 nr.4.
- c. Der det er naudsynt for framføring av kablar, landtak, leidningar og røyr for teknisk infrastruktur, kan etablering langs sjø og vassdrag utførast så lenge inngrepet skjer utan terrenginngrep/ sprenging. Der det er muleg skal eksisterande infrastruktur nyttast.
- d. Byggjegrænse for næring, hamn, molo, naust, sjøhus/sjøbu, småbåtanlegg, småbthamn, kai, flytebrygger og fellesanlegg er sett i føremålsgrensa.
- e. I arealføremål som ikkje har fått sett byggjegrænse i arealdelen eller i reguleringsplan, har forbod mot tiltak i 100-metersbeltet.
- f. I LNF gjeld at tiltak etter § 20-1 bokstav b, c, e-j gjeld ikkje byggjegranser mot sjø, vatn og vassdrag. Tiltak kan likevel ikkje plasserast nærare sjø og vassdrag enn eksisterande bygningar (bygg/veggliv) på eigedommen.
- g. Langs alle vassdrag er byggjegrænse sett til 20 meter frå elvekant og vatn med unntak av Engevikvassdraget der byggjegrænse er sett til 30 meter. Desse byggjegransene gjeld ikkje for naudsynte tiltak i landbruket eller tiltak i tilknytning til allmenta si bruk av strandsona som grønstruktur, friluftsfriområde, samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur, med underformål.

§ 1.8.4 Byggjegrænse mot offentleg veg

Bygging innanfor ein mindre avstand enn det som er sett i veglova skal godkjennast av aktuell vegmynde, jf. veglova § 9 dersom ikkje annan byggjegrænse er sett i reguleringsplan eller i arealdelen.

§ 1.8.5 Byggjehøgder over havet

- a. For nye tiltak i tryggleiksklasse F2 og F3 (TEK17) skal tryggleik mot flaum og stormflo kartleggast av fagkyndige, dersom golvnivå er lågare enn kote 3.
- b. Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning og høg vasstand i sjø og vassdrag.
- c. Bygning som ikkje er sikra mot flo skal som hovudregel plasserast 2,5 meter over 0-vasstand. Bygning som ikkje er sikra mot flaum skal som hovudregel plasserast minimum 2 meter over høgaste kjente vasstand for nærliggjande vassdrag. For vassdrag som tidlegare har vore råka av flaum skal flaumnivået leggjast til grunn som høgaste kjente vasstand.
- d. Ved lågare plassering skal det dokumenterast gjennom springflo- og flaumanalysar at plasseringa er forsvarleg i samsvar med gjeldande prognosar for framtidig havnivåstigning. 1 Analysen skal også vurdere risiko for skred/masseforflytning/utgraving av grunn som følgje av springflo eller flaum.

§ 1.9 Miljøkvalitet og samfunnstryggleik (PBL § 11-9)

Det kan setjast krav til miljøkvalitet, estetikk, natur, landskap og grønnstruktur, og under her om midlertidige og flyttbare konstruksjonar og anlegg.

§ 1.9.1 Kvikkleire

- a. For planar og tiltak under marin grense med potensiell fare for kvikkleireskred skal faren vurderast av fagkyndige iht. krav i TEK med rettleiing, herunder NVE sin rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred –vurdering av områdestabilitet ved arealplanlegging og utbygging i områder med kvikkleire og andre jordarter med sprøbruddegenskaper».
- b. Utbygging og anleggsarbeid som blir planlagt og gjennomført i strandsona med lausmasser skal vurderast av fagkyndig for å sjekke området for førekomstar av marine avsetningar.

§ 1.9.2 Sørpeskred

For tiltak nærare enn 20 meter frå vassdrag og bekker skal skredfaren vurderast nærare av kyndige.

§ 1.9.3 Støy

- a. [Retningsline T-1442 frå Klima- og miljøverndepartementet gjerast gjeldande.](#)
- b. Før det vert gjeve løyve til oppføring og/eller utviding av bygningar til støyfølsamt bruksføremål skal det dokumenterast tilfredsstillande støy nivå, utanfor rom med støyømfintleg bruk og at det kan etablerast uteareal med tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med [retningsline T-1442 frå Klima- og miljøverndepartementet](#) og forurensingslova.
- c. Næringsbygg skal etablerast slik at dei gjev ein støyskjermende effekt mot tilgrensande busetnad. Verksemdar skal lokalisert slik at dei respekterer grenseverdiane for støy i retningsliner T-1442. Støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak skal dokumenterast i samband med regulering eller ved søknad om rammeløyve.

§ 1.9.4 Landskapstilpassing

- a. I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser, jf. pbl § 1-8 fyrste ledd.
- b. Nye utbyggingstiltak skal ta omsyn til almenta sine interesser i strandsona. Biologisk mangfald, landskap og kulturminne skal takast vare på.
- c. Ved utforming av nye bygg skal det leggjast vekt på tilpassing til staden/område sin karakter med omsyn til volum, materialval, fargar og bygningstypologi. Det skal leggjast vekt på å ta vare på åsprofilar og landskapsilhuettar. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak tilpassast terrengkotene og ikkje bryte horisonten. Det skal leggjast vekt på minimale terrenginngrep og optimal massebalanse innanfor plan- og byggeområde.

- d. Naturleg vegetasjon skal i det lengste bevarast.

§ 1.9.5 Klima, energi og miljø

- a. Risiko/sårbarheit knytt til ekstrem vind, høg vasstand, skred, flaum, klima, straumforhold og liknande skal vurderast ved oppføring av tiltak.
- b. Alle tiltak innafor planområdet må følgje dei til ein kvar tid gjeldande krav til vasskvalitet og miljømål jf. Vassforskrifta, og omsyn til villaksen som følgjer av kvalitetsnorma for villaks og § 7 i lakse- og innlandsfisklova.

§ 1.9.6 Myrområde og innmark

- a. Myrområde og våtmarksområde skal haldast fri for inngrep.
- b. Innmark skal i hovudsak haldast fritt for inngrep.

§ 1.9.10 Estetikk

- a. Byggetiltak og reguleringsplanar skal gjevast ei heilskapleg og bevisst utforming med høg arkitektonisk kvalitet. Funksjonane skal ivareta omkringliggande landskap og omgjevnadene sin karakter og form, og tilføre staden gode kvalitetar.
- b. Det skal leggst vekt på god terrengtilpassing. Dette inneber minimale terrenginngrep med liten bruk av skjeringar, fyllingar og murar.
- c. Ved mindre tiltak på eksisterande bygg bør det takast omsyn til eksisterande hovudform og proporsjonar.

§ 1.9.11 Grønstruktur

- a. Areal som er satt av til grønstruktur skal takast vare på og nyttast til grønne korridorar, naturområde, landskap og/eller område for leik, friluftaktivitet og rekreasjon på lang sikt.
- b. Areal som er regulert som friområde skal tene ålmenta i vid forstand og være offentlege. Heimel: § 11-10 nr 3.
- c. Tiltak som kan gjennomførast med sikte på å verne om areala og/eller legge til rette areala for den bruk, som tilkomst til, ferdsel langs eller opphald i strandsona ved sjø og vassdrag er tillat. Heimel: § 11-10 nr 1.

§ 1.10 Navigasjonsinnstallasjonar og teknisk infrastruktur

Det er tillate med nyetablering og vedlikehald av navigasjonsinstallasjonar og teknisk infrastruktur jf. plan- og bygningslova §1-8, fjerde ledd og § 11-11 nr.4.

§ 1.11 Kulturomsyn

- a. Innanfor arealføremålet bebyggelse og anlegg og landbruks-, natur - og friluftsføremål skal kulturmiljø/kulturlandskap og kulturminne ivaretakast. Det skal takast omsyn til eksisterande bygg og kulturminne, og nye bygg og tiltak må ikkje dominere omgjevnadane kring kulturminna/kulturmiljøet/kulturlandskapet.
- b. Dersom det ved arbeid på land eller i sjø vert oppdaga automatisk freda kulturminne, må arbeidet stoppast og fylkeskommunen si kulturavdeling kontaktast, jamfør kml. § 8.

- c. [Kulturminne og kulturmiljø](#) skal vurderast ved planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom framlegg av plan og tiltak.
- d. Det er eit mål at verneverdige einskildbygningar, SEFRAK-bygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på og verte sett i stand.
- e. Tiltak i område utanfor vedteken reguleringsplan eller for tiltak der det ikkje blir sett plankrav, må sendast Vestland fylkeskommune for uttale, dersom det er inneber nye terrenginngrep. Tiltak på SEFRAK-bygningar skal sendast til Vestland fylkeskommune på høyring.
- f. Tiltak og aktivitet knytt til landbruk og friluftsliv på land, som ikkje er permanente eller er til hinder for arealformålet for området, kan settast i verk på areal sett av til bebyggelse og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur og LNF spreidd. Tiltak vert sett opp på tiltakshavars ansvar og skal fjernast før areal vert teke i bruk i samsvar med føremålet. Dette gjeld ikkje omsynssoner.

2 BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 11-7, nr. 1)

§ 2.1 Bustader (PBL § 11-10, nr. 2)

- a. I område sett av til bustad kan det førast opp einebustader, fleirmannsbustader og garasjer med bueining med tilhøyrande tekniske anlegg, garasje, uthus, veg, parkering og anna fellesareal.
- b. I område sett av til bustad kan det byggjast inntil to bueiningar utan reguleringsplan. Med følgjande vilkår:
 - o Grunneigarane må utarbeide ein situasjonsplan for heile bustadområdet.
 - o Tiltaket skal leggast i utkanten av byggeformålet, i tilknytning til eksisterande infrastruktur og ikkje vere til hinder for framtidig utvikling av resten av byggeområdet.
- c. Unntak frå plankrav, framgår av Tabell 1 Bustader.
- d. Tomt til bustadføre mål skal ha ein storleik avpassa etter terrenget og bør som hovudregel ikkje vere større enn 2 mål.
- a. Einebustader og tomannsbustader skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr.eining. Rekkehus og bustadar med mindre husvære skal ha parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. eining. Parkeringa skal vere ved offentleg veg, eller privat veg som er knytt til offentleg veg med bru eller ferjetilknytning.
- e. Det kan tillatast mindre næringsverksemd i føremålet, dersom tiltaket ikkje fører til belastningar på miljøet, eksempelvis støy, auka trafikk, støv osv.
- f. Bygd areal skal ikkje overstige 30 % BYA. Samla bruksareal (BRA) skal ikkje overstige 400 m².
- g. Gesims- og mønehøgde for hovudbygg skal ikkje overstige høvesvis 8 meter og 9 meter, målt frå ferdig planert terreng.
- h. Maksimal størrelse for garasje er sett til 70 m² BYA. Det kan byggast ein garasje for kvar eigedom. Møne- og gesimshøgde skal ikkje overstige 6 meter og 4,5 meter. Garasjen skal oppførast i tilknytning til bustadhus.
- i. Ved planlegging og regulering av nye bustadfelt, eller ved omregulering av eldre bustadområde, skal leikeplass og trafikktryggleik prioriterast.
- j. Ved planlegging av bustadområde skal det leggast til rette for god tilkomst til natur- og friluftsområde. Der det er naturleg skal det setjast av areal til passasje mellom tomter, og mellom tomter og hindringar (fjell, sjø, vatn m.v.) for å sikre tilkomst til natur- og friluftsområde. Det skal leggast til rette for tilkomst til sjø.

Retningslinje:

1. Det bør leggast fram ein situasjonsplan for tomta som syner plassering av bustad, garasje, uthus, m.v.

Tabell 1 Bustader

Plankart id	Stad	Totalt tal mulege tomter (tomter teke i bruk)	Føresegner	Retningslinjer	Status	Plankrav
BU4	Kolgrov	30 (0)	Må sjåast i samanheng med vegtrase friområde, H1 og SH. Kystlyngheilokaliteten i sørvestre hjørne		Framtidig. Frå KPA 2008	Plankrav

			skal holdast fri for utbygging.			
BU5	Straumen	4 (1)	Nye hus må tilpassast terrengformene.		Noverande – teke i bruk. Frå KPA 2008	Plankrav
BU6	Trovåg	3 (0)			Framtidig. Frå KPA 2008	
BU7	Lågøy	2 (1)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008 Redusert i KPA 2020	
BU11	Hardbakke sentrum Internatvegen	7 (7)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
BU12	Hardbakke - Lyngneset	15 (0)	Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå plankrav. Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for vegutløysing til Teigeneset		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU13	Hardbakke - Kaldhammaren	3 (0)	Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå plankrav.	Ved regulering bør det leggjast vekt på stilpassing av bustader frå sjøsida.	Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU15	Hardbakke - Nordre Klubbevatn Langhaugen	15-20 (0)	Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå plankrav.		Framtidig Frå KPA 2008 Utvida KPA 2020 Utvida KPA 2020	Plankrav
BU18	Hardbakke sentrum/kai, ved kommunehuset	5-6 (0)			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU21	Pollen/ Strembeneset	15 (0)	Må sjåast i samanheng med SH og AB21.	Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av bustader frå sjøsida.	Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU22	Eide	20 (1)	Det kan ikkje gjevast dispensasjon frå plankrav		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav

BU23	Eide	1-2 (0)			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU26	Leknessund	10 (0)	Må sjåast i samanheng med 2 stk. SH.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU28	Færøy	10 (0)			Framtidig Frå KPA 2008 Redusert i KPA 2020	Plankrav
BU29	Dalesund	10 (1)	Må sjåast i samanheng med AB15, AB16 og 2 stk. SH.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
BU32	Eide	11 (9)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
BU33	Hardbakke (N for Grendahuset)	9 (7)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
BU34	Steinsund	4 (2)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
BU35	Ytrøy	4 (4)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
BU36	Steinsund, Skoterokken	8 (5)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	

§ 2.2 Fritidsbusetnad

- Føremålet gjeld byggjeområde for privateigd fritidsbustad med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, anneks, vegar, parkering og anna fellesareal. (pbl. § 11 - 7, nr. 1).
- Tomt til fritidsføremål skal ein storleik som er avpassa terrenget og som hovudregel ikkje vere større enn 1 mål.
- I reguleringsplan må det takast omsyn til at det skal leggjast til rette for veg og areal til parkering for utbyggingsområde til fritidsbustad.
- Unntak frå plankrav framkjem i Tabell 2 Fritidsbustader.

- e. Fritidsbustadar skal ha parkeringsdekning for 2 bilar pr. eining. Ved bruk av felles parkeringsløyseringar vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. fritidsbustad. Parkeringa skal vere ved offentleg veg, eller privat veg som er knytt til offentleg veg med bru eller ferjetilknytting.
- f. Uteplassen skal vere på terrengnivå.
- g. Bygd areal skal ikkje overstige 30 % BYA. Samla bruksareal (BRA) på fritidsbustaden skal ikkje overstige 150 m², Maks berekningsgrunnlag er 1000 m² tomt.
- h. Det er tillate med frittliggande garasje med bod på 35 m². Samla areal av bod, garasje og fritidsbustad skal ikkje overstige 150 m² i samla BRA.
- i. Opparbeida uteplass, terrasse, veranda og utandørs gangareal tilknytt fritidsbustad som ikkje inngår i eit bebygd areal (BYA), vert tillate med samlat areal inntil 40 kvm. Verandaer, terrassar og uteplassar skal tilpassast det naturleg eksisterande terreng og skal ligge lågast muleg.
- j. Gesims- og mønehøgde for hovudbygg skal ikkje overstige høvesvis 6 meter og 3,5 meter, målt frå ferdig planert terreng. Takvinklane skal vere mellom 25 og 45 °.
- k. Mønehøgda for tilhøyrande uisolert utebod skal ikkje overstige 3 meter, målt frå ferdig planert terreng.
- l. Det bør leggst til rette for felles løysering for naust og sjøtilgang der det er mogeleg.
- m. Eksisterande kvalitetar i terrenget skal takast vare på. Almenta skal ha tilgang til strandsona.
- n. Bygging av fritidsbustadar skal ikkje hindre almenn ferdsel i strandsona.

Retningslinje:

1. Fritidsbustader med infrastruktur bør byggjast slik at bruksendring til bustad blir enklast råd.
2. Det bør leggst fram ein situasjonsplan for tomta som syner plassering av fritidsbustad, garasje, uthus, m.v.

Tabell 2 Fritidsbustader

Plankart id	Stad	Totalt tal mulege tomter (tomter teke i bruk)	Føresegner	Retningslinjer	Status	Plankrav
H1	Straumen	6-8 (3)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
H2	Kringlevågen	25 (0)	Det kan byggjast inntil 7 bustadeiningar i området. Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for vegutbygging til Ytre Steinsund bru. Må sjåast i samanheng med AB14 og SH.	Leggjast vekt på landskapstilpassing. Området skal ikkje hindre allmenn ferdsel i strandsona.	Framtidig Frå KPA 2008 Redusert KPA 2020	Plankrav
H4	Kverhella	4 (2)			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
H5	Trovåg	4 (1)			Noverande – teke i bruk	

					Frå KPA 2008	
H14	Eide	5 (2)	Det skal utarbeidast ein situasjonsplan før utbygging. Det skal byggast i tilknytning til eksisterande infrastruktur.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
H15	Nessa	6-8 (0)			Framtidig	Plankrav
H16	Hagelva	4 (2)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
H17	Krakhella S	10 (1)	Må sjåast i samanheng med AB1, SH og H18.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
H18	Krakhella N	4-6 (0)	Må sjåast i samanheng med AB1, SH og H17.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
H20	Leknesund	7 (3)	Tomtegrenser skal minimum trekkjast 20 meter attende frå strandlinja. Jordbrukareal skal ikkje byggast ut.	Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing.	Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
H21	Buskøy	5 (2)	Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for vegutbygging til Færøy	Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader frå sjøsida.	Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008 Redusert i KPA 2020	Plankrav
H25	Kråkesund	8 (4)	Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for vegutbygging til Færøy		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
H26	Sandvik	1 (1)			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008 Redusert i KPA 2020	
H30	Nesøy	6 (1)	Jordbruksareal skal ikkje byggast ut. Parkeringsplass må avklarast i reguleringsplanarbeidet. Må sjåast i samanheng med SH og ST i Ingebærvikja	Ved regulering bør det leggjast vekt på landskapstilpassing av fritidsbustader.	Framtidig Frå KPA 2008 Redusert i KPA 2020	Plankrav
H35	Kverhella	3 (3)	Steinblokkene i området må takast vare på.		Noverande – teke i bruk	

					Nytt i KPA 2020	
H36	Steinsund	3 (3)			Noverande – teke i bruk Nytt i KPA 2020	

§ 2.3 Offentleg eller privat tenesteyting

Føremålet omfattar byggeområde for offentlig tenesteyting som skule, barnehage, idrettsanlegg, anlegg for helse-, omsorg og sosialtenester. Føremålet omfattar også kyrkje, gravplass, kommunaltekniske anlegg m.m.

§ 2.4 Forretning

Føremålet omfattar forretning. Det kan settast opp eit lager på < 100 m2 utan plankrav innanfor områda. Gesims/mønehøgde er sett til maksimalt 8 meter, i tillegg kjem høgde for teknisk installasjon (heis, ventilasjon og liknande.

Tabell 3 Forretning

Plan-kart id	Stad	Føresegner	Retningslinjer	Status	Plankrav
F1	Ytrøygrend	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
F3	Kolgrov	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
F4	Nåra	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	

F5	Hardbakke	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tjenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
F6	Hersvik	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tjenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
F7	Buskøy	Området kan kombinerast med fritids- og turistformål, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys og ureining Offentlig eller privat tjenesteyting		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	

§ 2.5 Fritids- og turistføremål

- a. Føremålet gjeld turistverksemd, utleigehytter og andre fritidsbustader som vert driven kommersielt.
- b. Unntak for plankrav kan gjevast når følgjande vilkår er oppfylt :
 1. Gesimshøgde maks 4 meter og mønehøgde maks 6 meter.
 2. Maksimalt to einingar med BRA < 100 m2 kvar.
 3. Tilpassa terrenget og omgjevnader.
- c. Parkeringsdekning for 2 bilar per eining. Ved bruk av felles parkeringsløyser vert det kravd parkeringsdekning for 1,5 bilar pr. eining. Parkeringa skal vere ved offentleg veg, eller privat veg som er knytt til offentleg veg med bru eller ferjetilknytting.
- d. Føremålet kan kombinerast med andre underføremål: forretning, offentleg eller privat tenesteyting, næringsbebyggelse som er eigna i bustadområde sett mot støy, lukt, lyd, lys, ureining.
- e. Gesimshøgde maks 4 meter, og mønehøgde maks 6 meter
- f. Reguleringsplan for byggeområde – reiselivsnæring kan inkludere spesialområde til utleigeeiningar og bør ha andre tilknytte anlegg t.d. servering, båtutleie, badeplass/badeanlegg, kurslokale som aukar det lokale servicetilbodet.

Tabell 4 Fritids- og turistformål

Plan-kart id	Stad	Føresegner	Retningslinjer	Status	Plankrav
--------------	------	------------	----------------	--------	----------

N5	Hjønnevåg			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N12	Kolgrov	Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for ei utvikling av BU4, småbåthamn og friområda		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N13	Kverhella			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008 Utvida i KPA 2020	
N18	Dalesund/Solnes	Ei utbygging må sjåast i samanheng med anna næringsverksemd på Solneset.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N21	Steinsund			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N25	Hardbakke, Teigeneset			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N26	Hardbakke, Solund Leilighetshotell			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N27	Hardbakke, Solund Gjestegaard			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N33	Strandavågen	Det er ikkje tillate å fylle i sjø.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N38	Lågøy	Det må takast omsyn til landskap og gjerast minst muleg terrenginngrep. Det kan tillatast inntil 3 einingar med BYA 40 m ² pr. eining. Gesimshøgde maks 4 meter og mønehøgde maks 6 meter. Utbygginga skal trekkast minimum 25 meter inn (vertikalt) frå strandlinja og opp på kote + 5 m.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N39	Storøy	Det må takast omsyn til landskap. Det kan tillatast inntil 3 einingar med BYA 40 m ² pr. eining. Gesimshøgde maks		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav

		4 meter og mønehøgde maks 6 meter. Utbygginga skal trekkast minimum 15 meter inn (vertikalt) frå strandlinja og opp på kote + 15 m.			
N41	Nesøy			Noverande – delvis teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
N53	Hersvikbygda			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N69	Lågøy	Området skal nyttast til sjørelatert reiselivsverksemd		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N70	Saltskår			Framtidig Nytt i KPA 2020	
N71	Pollen			Noverande Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding utover eksisterande planert/ utbygd område.

§ 2.6 Råstoffutvinning

- Føremålet omfattar eit masseuttak i Pollen. Området er tenkt nytta til uttak av steinblokker, og kan brukast til deponi. Det er plankrav på området.
- Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er mynde etter lova.
- Ved regulering til råstoffutvinning skal framdrift av uttak, etterbehandling av terreng og etterbruk, framgå av reguleringsplanen.
- Ved uttak må det takast omsyn til landskapsbiletet, og sikra estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt mot sjøen, skal så langt som mogleg takast vare på.
- Det kan førast opp lager på inntil 100 m² BYA utan krav om plan. Ved oppføring av andre typar bygg må det utarbeidast reguleringsplan. Maks gesims/mønehøgde er sett til 8 meter.

§ 2.7 Næringsbebyggelse

- Føremålet omfattar kontor, lager, naust, sjøhus, industri, forretning eller i kombinasjon
- Det kan førast opp lager, sjøhus eller naust på inntil 100 m² BYA utan krav om plan. Ved oppføring av andre typar bygg må det utarbeidast reguleringsplan. Maks gesims/mønehøgde er sett til 8 meter. Det kan leggjast ut ei flytebyggje på inntil 3 meter breidde og 12 meter lengde utan plankrav.
- Ved fastsetjing av føresegn for gesimshøgde og mønehøgde skal byggeområdet si framtidige bruk takast omsyn til. Dette gjeld både i høve den einskildverksemda som planlegg å ta eigedomen i bruk, og eventuelle andre brukarar som kan tenkjast å overta området seinare.

Tabell 5 Næringsbebyggelse

Plan-kart id	Stad	Føresegner	Retningslinjer	Status	Plankrav
N1	Notøy vestre molo	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N3	Ytrøygrend	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N4	N Hjørneveg, v/ Nykkefjellet			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N6	Nordre Hjørneveg; Båteneset	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N7	N Hjørneveg; Ishusskora	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N8	N Hjørneveg, Guleklanten	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Noverande - delar teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
N9	S Hjørneveg			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N10	Kolgrov	Krav om næringsverksemd knytt til fiskeri. Ved plankrav skal heile området inngå i planen.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding mot nordvest utover eksisterande planert/ utbygd område.
N11	Rørdalsfjorden	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N15	Trovåg	Ved plankrav skal heile området inngå i planen.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding utover eksisterande planert/ utbygd område.
N20	Steinsund			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
N23	Hardbakke, BKK			Noverande Frå KPA 2008	
N28	Saltskår			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding utover

					eksisterende planert/ utbygd område.
N29	Saltskår			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N31	Lia			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N32	Lia	Det må gjerast nærare undersøkingar av kva effektar tiltaket vil ha på fuglelivet og marint naturmangfald i reguleringsplanarbeidet. Arealet på austsida av vegen skal nyttast til infrastruktur for vatn.		Noverande – delvis teke i bruk Nytt i KPA 2020	Plankrav
N34	Avløyp	Krav om næring knytt til fiskeri		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N35	Lågøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N36	Lågøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N37	Lågøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N44	Eide			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N47	Gylta			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N48	Gylta			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N50	Lending			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N54	Hersvik	Krav om næring knytt til fiskeri (klausul). Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N57	Sjønesvika	Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for ei eventuell utbygging av veg for ferjetilknytning til Buskøy		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N58	Daløy Gjerdneset			Framtidig	Plankrav

				Nytt i KPA 2020	
N60	Buskøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N61	Færøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N63	Keila, Krakhellesundet N			Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
N66	Krakhella			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav
N72	Hardbakke, ved Hånesrabben	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding utover eksisterande planert/ utbygd område.
N74	Færøy			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N75	Søre Hjørneveg	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	
N76	Pollen	Byggeformålet skal nyttast til fiskeriformål.		Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008	Plankrav ved utviding utover eksisterande planert/ utbygd område.
N77	Pollen	Byggeformålet skal nyttast til fiskeriformål. Det må takast omsyn til fjernverknad som tiltaket vil kunne ha, og på kaia må det ikkje settast opp utstyr, skilting, lys m.m., samt bygg som ikkje er heilt naudsynt.	Det bør vere fokus på å unngå utfylling i sjø i størst mogleg grad, ev. sjå samanheng med utviding av dagens kai i aust som eit alternativ	Noverande – teke i bruk Nytt i KPA 2020	Plankrav ved utviding utover eksisterande planert/ utbygd område.
N78	Steinsund	Det må takast omsyn til fjernverknad tiltaket vil kunne ha, og unngå skjemmande inngrep som lys, sterke fargar og anna industrielt preg. Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd		Noverande – teke i bruk Nytt i KPA 2020	Plankrav
N79	Svisskolten, Kråkesundet	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd.		Noverande – teke i bruk Nytt i KPA 2020	Plankrav

		Må sjåast i samanheng med andre arealformål i området.			
N80	Saltskår	Området skal nyttast til sjørelatert næringsverksemd På kaia må det ikkje settast opp utstyr, skilting, lys m.m., samt bygg som ikkje er heilt naudsynt.		Noverande – teke delvis i bruk Nytt i KPA 2020	
N81	Ytrøygrend	Skilting, lys og unødvendige installasjonar er ikkje tillate. Eventuelle bygg må tilpassast eksisterande bygg i vest når det gjeld fargeval, byggjehøgde og bruksareal.	Kaia må ikkje blir for dominant i landskapet.	Noverande – teke i bruk Nytt i KPA 2020	Plankrav
N82	Ytrøygrend			Noverande – teke i bruk Frå KPA 2008 Endra formål i KPA 2020	
I1	Krakhella	Ei utbygging skal ikkje vere til hinder for ei utviding av ferjekaia eller ein eventuell veg til bru over til Losna		Framtidig Frå KPA 2008	Plankrav
I5	Skogen	Utbygging av industriområdet i Skogen i Dumbefjorden skal ikkje vere til hinder for framkomst til låssettingsplassane lenger inne i fjorden		Framtidig Frå KPA 2008 Redusert areal i KPA 2020	Plankrav

Retningslinjer:

1.

§ 2.8 Andre typar bygningar og anlegg

- Bygging av rorbuer (fritidseigedom/ utleige av bueiningar) skal ikkje godkjennast i område avsett til *Anna byggjeområde*.
- Almenta skal ha tilkomst til strandsona

§ 2.8.1 Naust og sjøhus

- a. Naust og sjøhus/sjøbu er uthus/bygninger i strandsona som vert nytta til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap, utstyr, småbåtar og anna.
- b. Naust, sjøhus og sjøbuer skal ikkje omdisponerast/innreist eller nyttast som fritidshus/utleige eller bustad. Bygningen skal framstå som naust, sjøhus eller sjøbu – både utvendig og innvendig – og ikkje vere utstyrt med staffasje som ikkje tradisjonelt høyrer til eit sjøhus, slik som store vindauga, altan, terasse, utkraging, balkongar, arker, karnapp, rekkverk, eller andre privatiserande bygningsdelar. Dagslysflata på vindaugsareal skal ikkje overstige 3 % av hovudplanet sitt bruksareal (BRA). Bygget skal vere uisolert.
